



"Børøysund" forbi Skorpo torsdag ettermiddag (Foto: Knut A. Myklebust).

Storsundet er ein populær seglingsveg ikkje berre for moderne cruisebåtar men også for "gamle damer". "Statsråd Lehmkuhl" segla gjennom nok ein gong på morgonkvisten torsdag. Ved 15-tida kom 100-åringen "Børøysund" same vegen. Men berre 'Granvin' la til i Uskedalen.



"Granvin" kom til Sandakaien med fornøgte AFA-tilsette torsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

'Børøysund' er ute på sin svært ambisiøse jubileumstur på 3.000 nautiske mil og var undervegs frå Haugesund til Rosendal. Fredag føremiddag går båten vidare til Bergen og turen er open for alle interesserte, som kan melde seg på i telefon 901 72813.

"Børøysund" er landets einaste passasjerskip med original kolfyrt kjele og original dampmaskin. Eigar er Norsk Veteranskibsklub og drift og vedlikehald blir ivareteke av medlemmene på dugnadsbasis.

Båten framstår i dag som en nordnorsk lokalrutebåt frå midten av førre århundre, men har også fartstid frå Bergensområdet og Trøndelagskysten.

Under jubileumsturen til "Børøysund" brenne opp 100 tonn kol og det må leggjast depotar på fleire stader på førehand. Store Norske Spitsbergen Kullkompani sørger for gratis kol.

'Granvin' var torsdag på chartertur til Brandasund med AFA-tilsette og la til ved Sandakaien. Turen vara i 10 timar og det var ein fornøgd gjeng som gjekk i land litt før klokka 19 torsdag kveld.

- No går det i eitt om dagen, sa ein ikkje mindre fornøgd eldsjel, Harald Sætre.

Han fortalde at eigentleg skulle tre dampbåtar ha vore på farten i Storsundet denne dagen. Også 'Oster' ville ha vore å sjå der hvis han ikkje hadde gått på grunn her om dagen.

Endeleg ville 'Stord I' slutta seg til det fine selskapet hvis papira hadde vore ordna.....

Av Ola Matti Mathisen